

Fra: oknordhordland@crm.safirweb.no
Sendt: 12.10.2023 12:53:51
Til: Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>
Emne: Orientering frå Opplæringskontoret

Denne e-posten ble sendt av Mongstad, Lillian Vabø fra Safir Web, et system som Opplæringskontoret for Nordhordland bruker.

Hei

Opplæringskontoret for Nordhordland, har hatt ein fantastisk vekst opp gjennom åra.

Me har fått fleire medlemsbedrifter, og stadig fleire lærlingar. Me har hatt eit dataprogram for å registrera og dokumentera aktiviteten rundt lærlingane. Men det har vore eit internt registreringsprogram på Opplæringskontoret.

Etter kvart som me har vakse, har det blitt vanskelegare å halda oversikta til ei kvar tid. I tillegg så har både lærlingar og medlemsbedrifter etterlyst elektronisk oppfølging.

No har me funne eit elektronisk program (ein app) som me vil investera i. Fagbrev.io blir nytta av fleire opplæringskontor i Vestland fylke. Og dei som har erfaring med det skryter av det. I dette programmet kan lærling, instruktør og fagleg leiar vera med og registrera og dokumentera opplæringa heile vegen. Appen blir lett tilgjengeleg for lærling, instruktør og fagleg leiar på mobil, nettbrett eller PC.

Me vonar at dette skal bli eit nyttig reiskap for alle som er involvert i opplæringa, og reknar med at det skal vera "rulla ut" til alle involverte før årsskiftet.

Samstundes er me førebudd på at skifte av programvare også kan by på utfordringar. Derfor vil me orientera Dykk i forkant. Slik at de kan gje oss ein lyd dersom de opplever utfordringar i overgangsperioden.

Me er stolt av det medlemsbedriftene våre utrettar for å utdanna nye fagarbeidarar. Og set umåteleg stor pris på jobben som vert gjort for lærlingane rundt i våre rundt om i bedriftene.

De kan alltid ta kontakt om det skulle vera noko. Me er her for lærlingane og medlemsbedriftene våre.

Takk for innsatsen de gjer. Og ha ein fin dag vidare

Med venleg helsing

Lillian Vabø Mongstad

Dagleg leiar

lillian@oknordhordland.no

Tlf: 56 34 17 30

mob.: 908 53 341

www.oknordhordland.no